

# Region nordvest



Billettene sjekkes, testing og munnbind for avreise fra Tryggheim Airlines.

FOTO: TRYGGHEIM BARNEHAGE



## MISJONSSAMBANDET NORDVEST

Myrabakken Næringsssenter,  
Spjelkavikvn 132, 6010 Ålesund  
E-post: nordvest@nlm.no

Regionleiar og ansvarleg  
redaktør: Jon Ove Holen  
Administrasjonsleiar:  
Anne-Marit Engås  
Ungleiar: Geir Henning Tunheim

## BARNEHAGE PÅ «TUR» TIL INDONESIA

Barna og de ansatte ved Tryggheim barnehage Ålesund viser et stort engasjement for Barnas misjonsprosjekt. Høydepunktet i år var en «tur» til Indonesia, og der ble de godt kjent med både landet, dyrene og maten. Blant mye annet stod jungelsafari, vulkanutbrudd og øyhopping på programmet.

LES MER SIDE 46



## KOMMENTAR



**OLE AUDUN OS**  
Konstituert ungleder

## Eit heilagt liv

Nokre uttrykk har vi blitt van med å høyre. Dei verkar så naturlege når vi brukar andaktsstemma og les dei frå Bibelen. For eksempel orda i overskrifta her. Men kan vi bruke dei om våre liv i dag? Eller har vi ein uklar tanke om kristne før. Som i Tesselonika i år 51, da Paulus skriv: «For Gud kalla oss ikkje til ureinskap, men til eit heilagt liv» (1Tess 4, 7).

**Vandre med Gud.** Vi smiler av dei som sa nei til trekkspelemusikk og meinte at sminke og permanent var synd. I mi første tid i misjonen snakka vi om adiafora, desse tinga som ikkje var synd «i seg sjølv». I dag er det visst mykje som ikkje er synd. Men kva er «eit heilagt liv»? Er mitt liv det? Eller har eg forbilde som har vist meg kva det er?

Lenge før Lunde forlag ga ut si første andaktsbok levde det ein mann som heitte Noah. Det står at han vandra med Gud. Tenk det. Korleis var det mulig? Og kva er det å vandre med Gud? La oss prøve ut dei svara vi har lært, vi som har gått på møte og reist på leir:

Det første er eit «must»: dagleg bibellesing. Men Noah var fødd før Bibelen. Så han måtte nok ha dispensasjon. Nei, han heldt fast ved frelseslovnadene som Gud hadde gitt til dei første menneska. Trua kjem av bodskapen ein høyrer. Kva elles? Han heldt fast på Guds Ord.

**Kristent fellesskap.** Det andre er det kristne fellesskapet. Men kvar skulle Noah gå på møte? Vi ser at to slekter veks fram etter Adam. Kains og Sets slekt. I den eine høyrer vi om hemn og hovmod. Om den andre står det:

«På den tida tok dei til å påkalle Herrens namn» (1Mos 4, 26). Det var Noah sin åndelege arv. Hans vesle familie levde nok i den. Dei påkalla Herren. Dei, ilag.

**«Det er viktigare å vitne med livet enn med orda.»**

Det tredje er at vi skal vere vitne. Vi skal «disippelgjere». Noah hadde vel nok med å bygge ark. 2. Petersbrev gir oss eit nøkkelhol å kike igjennom inn i livet hans: «Noah, han som forkynte rettferd» (2Pet 2, 5). Ikkje på ein preikestol, men han var altså ikkje still! Han må ha bedt menneske vende om, for dommen er nær! Midt i sitt daglege liv.

**Å leve annleis.** Det fjerde kortet vi brukar er at det er viktigare å vitne med livet enn med orda. Noah gjorde det. Han hadde ansvar for eit byggearbeid. Ei livsoppgåve. Alle såg det. Han levde annleis og hadde eit anna mål.

«Noah var ein rettferdig mann, ein heiderleg mann i si tid», står det (1Mos 6, 9). Det var hans vitnemål. Men var det difor han vart frelst? Og vi? For vårt heilage liv? Svaret finns i setninga før: «Men Noah fann nåde hos Herren». Det var Noahs behov. Ein liten mann som trengde nåde, med alt som ligg i det. Og den var å finne. Også då. Det forvandla han til ein rettferdig mann. Det gjorde at han måtte halde fast på Ordet. Og fellesskapet. Det gjorde at han vitna med orda sine og livet sitt. Og det gav han ei livsoppgåve.

## VELKOMMEN TIL HORNIDAL

Regionstyret inviterer til regionmøte i Hornindal 28.–29. mai. Dette er et stevne for alle generasjoner, og samtidig årsmøte for Misjonssambandet nordvest.

Talere i år er Marit Andersen og Karoline Skjong Bergersen. Både KRASP og KAIROS har øvingshelg parallelt med regionmøtet og de vil også synge på noen av møtene.

Det blir som vanlig godt tilrettelagt for barn i alle aldre. Lørdag er det «Barnas» i ulike aldersgrupper og søndag er det søndagsskole. Møtene foregår i Honndalshallen. Der ligger det godt til rette for møter, måltider og aktiviteter.

Oppdatert informasjon om påmelding, mat, overnattingsmuligheter, priser, «Barnas», program, sakliste og årsmøtedokumenter blir lagt ut på nettsiden vår – nlmnordvest.no.

Innkalling til årsmøtet med informasjon blir sendt i posten til alle små og store misjonsfelleskap. Ta kontakt med regionkontoret dersom du ikke finner den informasjonen du trenger.

Vær med og be om Guds velsignelse over forberedelsene og samlingene. Velkommen til Hornindal.

### MITT SANGVERS

«Bred dina vida vingar, o Jesus över mig och låt mig stilla vila i ve och väl hos dig! Bliv du mitt allt i alla, min visdom och mitt råd, och låt mig alla dagar få leva blott av nåd!»

Sjølvsberging er inne i tida, og for eit år sidan skaffa vi oss 12 kyllingar for å klare oss sjølve med egg. Slekters gang går unna i hønseverda, og snart hadde vi både høner, hanar og nye kyllingar.

Etter at eg hadde «tatt ut» nokre hanar, var eg nok ikkje så populær i hønsegarden. Men då kyllingane var borte vart eg uroa. Det var då eg oppdaga kor dei var, at denne songen vart ny for meg. Å sjå korleis høna breidde vingane sine over kyllingane og varma, gøymde og verna avkommet sitt er eit sterkt bilete på korleis Jesus tek seg av oss hjelpelause menneske med sin nåde.

I desse urolege tidene er vi kristne heldige som kan synge: «och låt mig alla dagar få leva blott av nåd!» STEINAR SYLTE



# EI LITA BRIKKE I GUDS STORE PLAN

Ann-Helen og Oscar Nordbø bur i Herøy. Dei har vore utsendingar i Elfenbeinskysten og han er no tilsett som forkynnar.

TEKST REGION NORDVEST

– *Hallo Herøy! Alt vel i ytre? Vi får Oscar på tråden.*

– Takk, det står bra til. Sola skin frå blå himmel. Det ser ut til å bli vår i år også. Årstider har sin sjarm.

– *Korleis er dagane dykkar no for tida?*

– Ann-Helen jobbar som avdelingsleiar på sjukeheimen her. Der har ho arbeidd sidan vi kom heim frå Afrika for over 20 år sidan. Ho trivest godt, men det har vore litt av kvart å styre med den siste tida. Heldigvis er ikkje covid-konsekvensane så omfattande lenger. Eg som arbeider som forkynnar har merka godt at det har vore vanskeleg å samlast. Men no er møteaktiviteten på veg mot det normale ser det ut til.

**GUDFELDIGHET.** – *Har de alltid vore engasjerte i Misjonssambandet?*

– Nei, det har vi ikkje. Litt rart å tenke tilbake, held visst på å bli vaksne, for å seie det mildt. I Herøy var det eit godt ungdomsarbeid då vi vaks til. Ungdomskoret knytt til Frikyrkja var eit skikkeleg kraftsentrum. Og leirstaden vår her ute, Kjeldsund, eigd av NMS, var også eit naturleg samlingspunkt. Det var først då eg tok eit år på Fjelltun bibelskule i Stavanger at vi vart skikkeleg kjende med Misjonssambandet.

– *Og det skulle få konsekvensar viste det seg?*

– Ja, det ser ut til det. Somme brukar ordet *gudfeldigheit* av og til. Vi har prøvd å tru og leve etter at det er godt å vere i Guds plan. Misjonssambandet har i alle fall blitt staden der vi har engasjert oss og kjenner at vi høyrer til, sjølv om det ikkje er «frikasjonsfritt» her heller.

**ELFENBEINSKYSTEN.** – *De hamna etterkvart i Elfenbeinskysten. Korleis gjekk det til?*

– På bibelskulen på Fjelltun lærte vi å stole på Bibelen som Guds ord, og misjonstanken var sterkt framme. Det heng forresten nøye saman. På åtti- og nitti-talet var det på mange måter eit enklare og klarare fokus på at alle folk må få høyre dei gode nyheitene. Det var



Ann Helen og Oscar Nordbø.

FOTO: PRIVAT

## VÅR MEDARBEIDER

I Regionutsyn presenterer vi nokre gongar utsendingane våre og i andre nummer dei tilsette i regionen.

**Oscar Nordbø** er tilsett som forkynnar i Region nordvest. Han er gift med Ann Helen. Saman har dei vore misjonærar i Elfenbeinskysten.

bruk for misjonærar. Og eg tenkte at det kanskje kunne gjelde meg òg. Så la ting seg til rette, litt etter litt. Og inn i mellom opplevde vi Guds leiing som ei stadfesting på at vi var på rett veg. Til slutt sat vi i det indre av Afrika,

med tre småjenter, og lurte nok litt på kva vi hadde gitt oss ut på.

**TØFFE ÅR.** – *Men de overlevde?*

– Ja, *what does'nt kill you makes you stronger* som det heiter. Det var tøffe år og det var gode år. Vi gjorde mange feil, men lærte også mykje. Vi har fått mange vener og opplevd andre folk, språk og kulturar som verkeleg har gjort livet vårt rikare. I 2016-2017 fekk Ann-Helen og eg kome tilbake og hjelpe til i arbeidet i Elfenbeinskysten. Då kom også dei fire jentene våre med alle sine på besøk. Ei flott og viktig oppleving for oss som familie. Og så håpar og trur vi at vi ved Guds nåde har fått vere ei lita brikke i Guds store plan, *han som vil at alle menneske skal bli frelste og læra sanninga å kjenna.*



Kairos samlet på Vestheim ungdomssenter.

FOTO: OLE AUDUN OS

## – EG FØLTE MEG SÅ VELKOMMEN

Regionungdomskoret vårt, KAIROS, er viktig for mange av ungdommene i regionen.

TEKST MARTE ELVIRA ROLVSJORD OG OLE AUDUN OS

Kven er desse ungdommane i KAIROS? Mange har ei fortid i KRASP, aspirantkora våre, men vi ser også at mange er flinke til å invitere med seg venner inn i fellesskapet. Kormedlemmene er våre beste medarbeidarar!

**FELLESKAP.** For fleire er KAIROS det kristne fellesskapet dei har, heime har dei ikkje kristne på sin eigen alder. Nokre kjem frå ikkje-kristne familiar, andre frå plassar med få ungdommar eller lite kristent ungdomsarbeid, eller begge deler. Mange vel å bli verande i KAIROS, nettopp på grunn av den søskenflokk den får vere ein del av der.

Eit tidlegare kormedlem sa det så fint:

– Gjennom ungdomstida mi var det KAIROS og fellesskapet eg der fekk med kristne på min eigen alder som heldt meg fast i trua.

**MUSIKK OG MISJON.** KAIROS er ikkje som kor flest. Sjølv sagt er songen og det musikalske viktig. Men alle merkar fort kva som er hjertesaka for oss, midt i alle sprell. På ei gjennomsnittleg korhelg brukar vi ca. like mykje tid på andakt, misjon, deleveld og bibeltime som vi gjer på det musikalske. Tenk om vi kunne utruste til vegen vidare saman med Jesus. Vi trur at det skjer.

Ei jente som no er student, hugsar tilbake til si første kairosheleg: – Eg følte meg så velkommen og heime! Atmosfæren var så fin, og eg huska eg tenkte: Himmelen likna nok på ditta!» KAIROS er ein plass der det er lett å finne venna, koble ut frå kvardagen, få åndeleg påfyll og ha det veldig, veldig kjekt!

### EIT SPØRSMÅL OM HJELP

Dette nummeret av Utsyn har ein giro vedlagt for gåve til ungdomsarbeidet. Vi anbefalar å bruke den.

Karoline Bergesen har bakgrunn i koret vårt og kormedlemmene støttar og ber for familien Bergesen og arbeidet deira i Japan. Men no spør vi likevel om nokon har lyst å gje ei hjelpande hand direkte til oss i KAIROS.

Aspirantkora har fulle hus, men siste åra har ikkje flokken i KAIROS vore så stor. Det gir for eksempel mindre medlemspengar, og dermed mindre frifondmidlar frå staten.


Men i misjonen har vi andre å stole på, som både kan be for oss og heie på oss og hjelpe oss. Så derfor, om nokon vil gje oss ein klapp på skuldra, går det an å bruke:

**Vipps: #734291**  
**Bank: 3905 14 61642**

# Regionmøte

## Misjonssambandet nordvest

Hornindal - 28.-29. mai



Marit Andersen



Karoline Skjong Bergersen



Monica Volle

### LAURDAG

- 10.30-11.15 Registrering av utsendingar  
Registrering *Barnas*
- 11.30 Opningsmøte for alle  
Andakt: Marit Andersen
- 12.45-16.00 Årsmøte Region nordvest  
*Barnas*
- 16.00 Middag
- 17.30-18.30 Seminar/ *Barnas* held fram
- 19.00 Kveldsmøte  
Tale: Karoline Skjong Bergersen
- 20.30 Kveldsmat
- 21.30 Alle mot 1

### SØNDAG

- 10.00 Bønne- og nattverdmøte
- 11.00 Føremiddagsmøte  
Tale: Marit Andersen  
Søndagsskule
- 12.30 Middag
- 13.30 Misjonstivoli for små og store
- 15.00 Møte for heile familien  
Andakt: Monica Volle

Tema:

# Vitne



## Barnas

Spennande aktivitetar  
i to aldersgrupper -  
3-6 år og 1.-7. klasse.

[nlmnordvest.no](http://nlmnordvest.no)





Vellykket tur krever god planlegging og forberedelse.



Vi leste om vulkaner og laget vår egen vulkan.

## BARNAS MISJONSPROSJEKT I TRYGGHEIM BARNEHAGE

24. januar var alt klart. Tre fly fulle av forventningsfulle barn og ansatte var om bord. Vi skulle til Indonesia for å besøke Barnas Misjonsprosjekt.

TEKST SOLVEIG HELLEVIK EIDE

Personalet har snakket mye med barna på forhånd. Vi hadde et stort ark der vi skrev ned mye som vi lurte på og som vi hadde lyst å gjøre når vi kom fram. Vi lurte på hva slags dyr som er i Indonesia, er det apekatter der? Krokodiller? Hvordan smaker maten? Dette brukte de ansatte i planleggingen av prosjektet, og nesten alle ønsker ble oppfylt.

**EN HEL MISJONSUKE.** Barnehagen har et engasjert personale som legger mye arbeid og forberedelser i at Barnas Misjonsprosjekt skal bli vellykket og at barna skal bli godt kjent med misjonslandet. Vi bruker noe av opplegget fra Misjonssambandet ung, drama, formingsaktiviteter, filmer, musikk og prøver ut matoppskriftene.

**TUREN HAR STARTET.** Før vi fikk gå om bord ble vi «testet», pass og billetter var i orden hos



Alle fikk smake på ekte indonesisk mat og vi synes det var godt. ALLE FOTO: TRYGGHEIM BARNEHAGE

alle. Vi var på veg til spennende opplevelser. Vi fikk mat om bord også, det er en lang flytur fra Ålesund til Indonesia.

Hele barnehagen ble omgjort til Indonesia. Personalet hadde laget til ulike stasjoner

på ulike rom. Her fikk barna blant annet være med å lage et vulkanutbrudd eller snorkle blant fisker i det «Indonesiske hav». Vi var på «øyhopping», på en avdeling var det laget til hinderløype rundt i avdelingen. Her skulle fjell bestiges, havområder krysses og jungelen utforskes på vei gjennom løypa. Det var kjempespennende, og barna var helt svette og ville ikke stoppe.

Vi hadde lest at det er jungel i Indonesia, og noen av oss fikk lage jungel med dyrene som finnes i Indonesia og de andre fikk komme å være med på jungelsafari.

Vi fikk også ekte indonesisk middag! Vi kjenner ei dame som kom og laget middag til oss og det var kjempegodt.

Vi hadde opplevelsesrike dager i Indonesia og kom oss trygt tilbake til Ålesund og barnehagen.

**HJEMME IGJEN.** Fokuset vårt er å fortelle hva vi samler inn penger til. Det er det vi har lest om og sett på film. Det er rørende å se barna sitt engasjement. Vi har samlet inn tomflasker, noen hadde misjonsløp og til og med egen kunst-utstilling hadde vi. Og vi solgte lodd. Vi fikk inn ca. 10 000 kroner til Barnas Misjonsprosjekt. Det er vi stolte av og glad for.

## ARRANGEMENT

Dato	Arrangement	Sted
9. apr.	PåskeCamp 1.-4. klasse	Volda bedehus
11. apr.	Ungdomssamling	Solhøgda leirsted
13.-16. apr.	Åpen påske	Solhøgda leirsted
21. apr.	Barnehagedag	Vestheim ungdomssenter
22. apr.	Barnehagedag	Vestheim ungdomssenter
26. apr.	Barnehagedag	Vestheim ungdomssenter
7.-8. mai	BB-leir	Vestheim ungdomssenter
27.-29. mai	KRASP	Hornindal
27.-29. mai	KAIROS	Hornindal
28.-29. mai	Regionmøte og BARNAS	Hornindal
Sommer:		
10.-12. juni	Safarileir 1.-4. klasse	Vestheim ungdomssenter
17.-19. juni	Sport-aktivleir 5.-7. klasse	Vestheim ungdomssenter
17.-19. juni	MIX-leir 1.-4. klasse	Møre barne- og ungdomsskule, Herøy
17.-19. juni	Hakalleleir 3.-7.klasse	Hakallestranda
21.-26. juni	UL	OCC
23.-26. juni	62° Nord 8.-10. klasse	Vestheim ungdomssenter
24.-26. juni	Newton-leir 1.-4. klasse	Solhøgda leirsted
27.-29. juni	Sommerleir 5.-8.klasse	Solhøgda leirsted
5.-10. juli	Generalforsamling	OCC
28.-31. juli	Fjell-leir	Solhøgda leirsted
Høst:		
2.-5. sept.	KAIROS	Vestheim ungdomssenter
9.-11. sept.	Newton-leir 1.-4. klasse	Vestheim ungdomssenter
17. sept.	HøstCamp 1.-4. klasse	Volda bedehus
23.-25. sept.	Høstweekend for alle	Solhøgda leirsted
23.-25. sept.	KRASP	
30. sept.-2. okt.	Women's retreat	Lepsøy Misjonscenter

## PÅSKEMØTER

Her er en oversikt over de påskemøtene vi på regionkontoret har fått melding om.

**Palmesøndag, 10. april:**

- 11:00: NLM Molde Misjonsforsamling  
Tale av Hanne Hauge
- 11:00: Engesetdal Misjonsforsamling
- Bergsøy
- 11:00: Misjonssalen Ålesund  
Familiegudstjeneste.  
Andakt ved Marte Elvira Rolvsjord
- 19:30: Ulsteinvik bedehus. Tale av Fikre Tulu

**13.-17. april**

- Ørsta-Volda misjonsforsamling.  
Påskemøter med Harald Tjervåg

**1. påskedag-17. april:**

- 11:00: Misjonssalen, Kristiansund.  
Tale av Lars-Petter Ødegård
- 11:00: Molde Misjonsforsamling.  
Tale av Etelney S. Barbosa jr.
- 17:00: Innfjorden bedehus.  
Tale Steinar Dimmen
- 11:00: Misjonssalen Ålesund.  
Tale av Andreas Bakke

**17.-18. april:**

- Solemdal bedehus. Påskemøter.  
Tale av Anette Fredly

**2. påskedag, 18. april:**

- 16:30: Stranda Misjonsforsamling.  
Påskevandring. Tale Fikre Tulu
- 11:00: Vestnes Misjonsforsamling.  
Tale av Steinar Dimmen

**Comfort**  
VALDERHAUG  
RØRHANDLEN AS  
6050 VALDERØY



**Radio Nordvest**  
RADIOEN FOR ØRE & HJERTE

**SULA ENTREPRENØR AS**  
Mauseidvåg småbåthavn  
Innendørs/utendørs vinteropplag av båter  
Tlf.: 913 05 341

**ELIAS BREIVIK as**  
TRANSPORT

BLINDHEIM INDUSTRIVEG 4  
6020 ÅLESUND  
FAX: 70 14 24 99  
MOBIL: 400 06 384

**Slyngstad**  
Elektro AIS

AUTORISERT EL. INSTALLATØR  
6265 VATNE

- **Elnesvågen** (Torget 6/8) • Tlf 40443469 Ti.-to. 11-17. Fr.-lø. 11-15
- **Kristiansund**, Rørgata 8-10 • Tlf 40443479 To.-fr. 12-17. Lø. 11-15
- **Ålesund**, Brusdalsveien 216 • Tlf 40443460 On.-fr. 12-17. Lø. 11-15

- **Ørsta**, Voldavegen 20 • Tlf 40443454 On.-fr. 10.30-16.30. Lø. 10.30-14.30



**NLM GJENBRUK**

**PURE**  
NORWEGIAN SEAFOOD AS